ADVOKATFIRMAET
# GJESDAHL & CO ANS
Etbl. 1948
MEDLEM AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING

Org.nr. 971 421 428 + mva

MORTEN L. GJESDAHL
Advokat
Tlf. dir.: +47 55 23 55 66
E-post:
morten.gjesdahl@gjesdahl.no

**Sentralbord:**
Telefon: +47 55 23 55 60
Telefaks: +47 55 23 55 61
E-mail:
advokatfirmaet@gjesdahl.no

**Adresse:**
Strandgaten 18, 5013 Bergen

Bankkonto: 7401.05.29895
Klientkonto: 7401.05.29887
Klientkonto
eiendom: 7401.05.34821

Hordaland Fylkeskommune

Att. Tor Harald Rødseth
E-post: tor.harald.rodseth@hfk.no

Bergen: 21.2.2017
Jnr.: X:\MLG\Olsvoll\hordaland fylkeskommune 7.2.17.dot

**AD TILLEGG TIL KLAGE OVER AVSLAG PÅ SØKNAD OM AVKJØRSEL/STATENS VEGVESEN SAK 16/79543-3**

Statens Vegvesen fattet vedtak om avslag på søknad om avkjørsel i ovennevnte sak 3.10.2016.

Klager Alf Olsvoll påklaget avslaget rettidig hvoretter Statens Vegvesen foretok en ny vurdering 13.12.2016 med slik konklusjon:

> *"Statens Vegvesen har vurdert klagen og finner ikkje å kunne ta den til følgjer. Vi tilrår at vårt vedtak av 13.10.2016 vart ståande."*

Hvoretter saken ble sendt over til Hordaland Fylkeskommune som klageinstans.

Alf Olsvoll har bedt meg gjennomgå saken/klagen og avslaget og jeg vil på denne bakgrunn komme med følgende tilleggsbemerkninger som jeg ber om at blir tatt inn i saken:

Gnr. 74 bnr. 17 i Radøy kommune (heretter kalt Eiendommen) ble utskilt rundt 1960 og bebygget med en fritidsbolig som har vært brukt av familien senere.

Ved utskillelse fra hovedbruket fikk Eiendommen veirett og/eller rett til å anlegg vei ut til hovedvei som i dag er riksvei. Alternativet egen vei ble "forkastet" idet man valgte å knytte seg til/bruke den felles opparbeidede "sjøveien" ned til hovedvei. Denne vei og avkjørsel har vært brukt av en rekke gårdsbruk og har vært en felles vei for disse ned til sjøen. Veien og avkjørselen har også vært brukt i generasjoner.

Da hovedveien ble oppgradert til riksvei med økende trafikk mv fant Olsvoll det ønskelig og naturlig å søke om å få opparbeide ny og mer trafikksikker avkjørsel, hvilket ble innvilget av Statens Vegvesen med tilsagn datert 26.3.2001. Det ble samtidig tatt vilkår/betingelser for endelig godkjennelse av avkjørselen. Disse var nedfelt i en prinsippskisse som fulgte tillatelsen og akseptert av Olsvoll.

Olsvoll påbegynte planlegging og veibygging straks. Han begynte

Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Tone Bøyum / 55516792 | 16/79543-6 | | 13.12.2016 |

# Klage på vedtak - Avslag på ny avkøyrsle - Fv. 565 - Gnr. 74 bnr. 17 - Radøy kommune

Statens vegvesen har mottatt klage etter veglova på avslag på søknad om ny avkøyrsle frå fv. 565 hp 2 km 8,548 til grunneigedom gnr. 74 bnr. 4 i Radøy kommune. Avkøyrsla skal nyttast av fritidseigedom gnr. 74 bnr. 17.

**Relevante saksdokument som er vedlagt:**

1. Søknad om avkøyrsle - 23.05.2016
2. Kart til søknad - 23.10.2016. (datert 10.10.2000)
3. Samtykke til avkøyrsle - 09.09.2016
4. Avslag på søknad - 03.10.2016
5. Klage på vedtak - 18.10.2016
6. Klage på vedtak - Vedlegg - Skøyte, skylddeling mm - 18.10.2016
7. Førehandstilsegn SVV 2001

**Saksopplysningar:**
Vi mottok søknad om avkøyrsle 23.05.2016.

Søknaden er grunngjeve med at det i dag vert nytta ei parkeringsløysing som er trafikkfarleg og ikkje har tilfredstillande sikt. Det er ikkje areal til å manøvrere køyretøy inne på tomta, og ein må difor rygge ut på fylkesvegen og helst ha med mannskap for å dirigere køyretøyet. Det vart gjeve eit førehandstilsegn til å byggje ny avkøyrsle litt lenger sør i 2001, men klagar ikkje rakk å byggje den innan fristen på tre år. Fritidseigedomen er no meir i bruk av familien enn den var tidlegare.

Statens vegvesen ga 03.10.2016 avslag på søknad om ny avkøyrsle til Fv. 565 i Radøy kommune.

**Vedtak:**

- Rammeplan for avkøyrsler og byggjegrense på riks- og fylkesvegar i Region vest 2013 – 2016
- Handbok N100 Veg og gateutforming
- Handbok V121 Geometrisk utforming av veg- og gatekryss




**Situasjonskart:**

Null-visjonen:
Statens vegvesen sin null-visjon har som mål å planlegge, legge til rette for og utbetre vegnettet slik at alvorlege ulykker ikkje skal oppstå.

Veglova:
Omsynet til trygg og god trafikkavvikling kjem fram av formålsparagrafen i veglova:

*§1a. Formålet med denne lova er å tryggje planlegging, bygging, vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, slik at trafikken på dei kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid kan vere tente med. Det er ei overordna målsetjing for vegstyresmaktene å skape størst mogleg trygg og god avvikling av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og samfunnsinteressene elles.*

Vårt vedtak av 03.10.2016 er heimla i veglova §§40-43. Vi har i vårt vedtak lagt vekt på vegen sin transportfunksjon og omsynet til trafikktryggleiken.

Vegstrekninga er klassifisert som «Haldningsklasse 2» jf. rammeplanen. Det vil mellom anna seie at vegen har ein viktig hovudfunksjon i det overordna vegnettet, og at talet på avkøyrsler til vegane må vere svært avgrensa. Det vert vanlegvis ikkje gjeve dispensasjon utan at det føreligg ein reguleringsplan.

Riks- og fylkesvegnettet er delt inn i 5 funksjonsklassar etter vegen sin transportfunksjon. Fv. 565 er klassifisert som «Primær fylkesveg» og er omklassifisert frå riksveg etter regionsreforma i 2010. Vegen har ein viktig funksjon i det overordna regionale vegnettet og bind saman Lindås, Radøy og Austrheim. Vegen fungerer også som omkøyringsveg for næringslivet på Mongstad. Det er difor viktig å oppretthalde vegen sin transportfunksjon, og ei nedbygging av vegnettet som omsøkt vil gjere vegen mindre egna som transportåre.

Med bakgrunn i skilta fart og at strekninga er nytta til forbikøyring, vurderer vi at det vil vere særleg trafikkfarleg å etablere ei ny avkøyrsle her.

Eksisterande parkering:

Klagar har lagt vekt på at dagens parkeringsløysing ikkje er trafikksikker. Det er lagt ved skøyte og skylddelingsbrev som gjev løyve til å nytte «Sjøvegen» som tilkomst. Slik vi ser det er dette ei privatrettsleg avtale mellom grunneigarane og ikkje eit løyve til å nytte arealet som avkøyrsle. «Sjøvegen» er sannsynlegvis eit gamalt vegfar frå før det var vanleg med motorisert ferdsle.

Statens vegvesen har ikkje vurdert denne avkøyrsla konkret, men legg til grunn at det vil vere dei same strenge vurderingane for å etablere ei avkøyrsle her, med omsyn på mellom anna haldnings- og funksjonsklasse og fart.



**Dagens parkering ved «Sjøvegen»: Foto frå synfaring 29.07.2016.**

Null-visjonen:

Årsaka til trafikkulykker er ofte samansett. Tal på avkøyrsler langs ein vegstrekning er ein avgjerande risiko for ulykker.

16/79543 - 004
442 - 1260

Statens Vegvesen Region Vest
v/ Tone Bøyum
Nygårdsgaten 112

5008 Bergen

Fyllingsdalen 18.10.16

1 9 OKT 2016

**Klage på vedtak Ref.nr 16/79543-3**

Sender inn klage på vedtak av 03.10.16

Dagens avkjørsel i sving med dårlig sikt er vel mer i strid med null visjon som det vises til i Deres svarbrev.

I vedtaket skriver Dere også at det er å se på som en mulig parkering langs vei.

p.g.a. lite bruk av den i dag delvis gjengrodd.

Om ikke ny avkjørsel kan gis vil det da åpne for å oppruste dagens vei i svingen til vår eiendom

Vedlegger også gammelt kart som viser den gamle veien – kalt sjøveien fra gammelt av, som går til/forbi vår eiendom og fortsetter til sjøen og krysser dagens hovedvei.

Begge våre paraseller har rettigheter til denne veien og utkjørsel

Vi vedlegger derfor kopi av skjøtene som viser veirett fram til hovedvei (3 meter)

Ser at dette ikke er informasjon dere tidligere har hatt eller søkt etter og at etter denne informasjonen kan gjøre om vedtaket slik at dette gir oss mulighet til å opparbeide ny utkjørsel som vil gi oss og andre bedre sikkerhet.

MVH

Alf Olsvoll

Alf O/Olsvoll

Mobil 91148022

Statens vegvesen

Alf O. Olsvoll
Nordnæsdalsveien 32
5146 FYLLINGSDALEN

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Tone Bøyum / 55516792 | 16/79543-3 | | 03.10.2016 |

# Avslag - Ny avkøyrsle - Fv. 565 - Gnr. 74 bnr. 17 - Radøy kommune

Statens vegvesen syner til søknad mottatt 23. mai 2016, samt synfaring på staden 29. juni 2016.

Søknaden gjeld ny avkøyrsle til fritidseigedom på gnr. 74 bnr. 17 i Radøy kommune, *vår referanse FV 565 hp 2 km 8,548, gnr. 74 bnr. 4, Radøy kommune.*

*Tekniske opplysningar:*
Avkøyrsla ligg på vestsida av fv. 565, litt nord for Sæbø skule på Austmarka. Det er søkt om avkøyrsle like sør for fritidseigedomen, på gnr. 74 bnr. 4.

Fylkesvegen har to køyrefelt på gjeldande strekning, og er eit beint strekke. Vegmerkinga på strekninga er midtlinje utforma som *1006.1 Kombinerte linjer: Kjørefeltlinje/varsellinje* (jf. handbok N302) der forbikøyring kan skje i samsvar med trafikkreglane i ei retning (kort strek: køyrefeltlinje), medan i andre retninga varslar linja at sikta er for kort for vanleg forbikøyring (lang strek: varsellinje). Det er ikkje tilbod til gåande og syklande. Skilta fartsgrense er 80 km/t og årsdøgertrafikk (ÅDT) er 3300. Strekninga er klassifisert til haldningsklasse 2 jamfør *"Rammeplan for avkøyrsler og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013-2016)".*

*Null - visjonen:*
Statens vegvesen sin null-visjon har som mål å planlegge, legge til rette og utbetre vegnettet slik at alvorlege ulykker ikkje skal oppstå.

*Kommune sin arealplan:*
Området er avsett til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) jf. arealdelen av kommuneplan for Radøy. Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplan.

*Tiltakshavar sine merknader i saka:*

Søknaden er grunngjeve med at det i dag er nytta ei avkøyrsle som er trafikkfarleg. Avkøyrsla ligg i ein sving og har ikkje tilfredstillande sikt. Det er ikkje areal til å manøvrere køyretøy inne på tomta. Ein må difor rygge ut på fv. 565 og helst ha med mannskap for dirigere køyretøyet. Fritidsbustaden er meir i bruk av familien enn den var tidlegare. Det er vidare opplyst at i 2001 vart det gjeve løyve til å bygge avkøyrsle på same staden som det no er søkt om ny avkøyrsle.

Situasjonskart:




*Vegvesenet si vurdering av saka:*

I *"Rammeplan for avkøyrsler og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013-2016)"* er fylkesvegen klassifisert til haldningsklasse 2. Dette vil mellom anna seie at vegen har ein viktig hovudfunksjon i det overordna vegnettet. Haldningsklassene er førande for korleis vi handsamar saka:

- *Talet på avkøyrsler til vegane må vere svært avgrensa. Dette gjeld og for driftsavkøyrsler.*
- *Det vert vanlegvis ikkje gjeve dispensasjon utan at det føreligg ein reguleringsplan.*

Avkøyrsla det er søkt om ligg på ei rett strekning med skilta fartsgrense 80 km/t. Vi legg til grunn at det her er høg fart og at strekninga er nytta til forbikøyring. Vi vurderer at det vil vere svært trafikkfarleg å etablere ein ny avkøyrsle her.

Vi ser at tiltaket vil medføre terrenginngrep fordi det i tillegg til opparbeiding av avkøyrsle, vil bli stilt krav om å opparbeide parkeringsplassar og manøvreringsareal inne på tomta for å unngå manøvrering i fylkesvegen. Det følgjer av dette at det må søkjast om dispensasjon frå arealføremålet i arealdelen av kommuneplan for Radøy. Fordi vi gjev avslag på denne søknaden, har vi ikkje sendt saka på høyring til kommunen. Kommunen får kopi av dette brevet.

Det er søkt om avkøyrsle til ein eksisterande fritidsbustad, men det er fleire frådelte tomter i området som på sikt kan kople seg på avkøyrsla. Dette kan føre til ein auka bruk av avkøyrsla.

Statens vegvesen har gjort ei samla vurdering av tilhøva på staden og kome fram til at vi ikkje kan godkjenne ei ny avkøyrsle slik det er søkt om. Vi har lagt avgjerande vekt på trafikktryggleiken og at det er viktig å oppretthalde vegen sin transportfunksjon på denne strekninga.

**Vedtak:**
Med heimel i veglova §§ 40 og 43 vedtek Statens vegvesen å avslå søknad om ny avkøyrsle på gnr. 74 bnr. 4 i Radøy kommune.

**Grunngjeving:**
Statens vegvesen har lagt vekt på at avkøyrsla er søkt om på ei rett strekning med høg fart, og som vert nytta til forbikøyring. Med bakgrunn i dette meiner vi at ein ikkje kan oppnå ei tilfredstillande og trafikksikker løysing ut i frå tilhøva på staden.

**Klagerett:**
Dette vedtaket kan påklagast jf. vedlagt «Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak».

Plan og forvaltningsseksjon, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Vedlegg:
Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

**Fra:** Alf O. Olsvoll <alf.olsvoll@moller.no>
**Sendt:** 23. mai 2016 23:46
**Til:** Firmapost-Vest
**Emne:** Søknad om avkjørsel eller dispensasjon fra byggegrenser, 14640449677124325282700725447
**Vedlegg:** 20160523_233959.jpg

Hei,

Statens vegvesen har mottatt en søknad om avkjørsel eller dispensasjon fra byggegrenser.

Søknadens ID: **14640449677124325282700725447**

## Steg 1 av 6

**Søknaden gjelder for**
Meg selv

**Har den du søker for gitt samtykke?**
Ikke relevant

**Personen som det søkes for:**
Alf O. Olsvoll

## Steg 2 av 6

**Type veg:**
Riksveg

**Vegnummer:**
Rv565

**Kommune:**
Radøy

**Fylke:**
Hordaland

**Regionens epost:**
vest

**Gnr:**
74

**Bnr:**
17

**Begrunnelse vedlegg:**
Ingen filer vedlagt

## Steg 5 av 6

**Navn:**
Alf O. Olsvoll

**Adresse:**
Nordnæsdalsveien 32

5146 Fyllingsdalen

**Telefon:**
91148022

**E-post:**
alf.olsvoll@moller.no

## Steg 6 av 6

Søkeren har godkjent at alle opplysningene er riktige. (ja)

Mvh, Kommunikasjonsstaben, webteamet